



Ragnvald Rasmussen <ragnvald@rbe.no>

Fwd: Byggesak - Gnr 188, bnr 193/198 - tilbygg

1 e-post

freka.invest <freka.invest@gmail.com>
Til: Ragnvald Rasmussen <ragnvald@rbe.no>

12. september 2018 kl. 13:40

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>

Dato: 12.09.2018 13:34 (GMT+01:00)

Til: freka.invest@gmail.com

Emne: Byggesak - Gnr 188, bnr 193/198 - tilbygg

Til Alf Helge Moldekleiv


Oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 188/193 og 198 vil krevja at det vert søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen når det gjeld bygningsplassering på same måte som det vart gjort for nabotomta gbnr 188/182. I tillegg vil planlagt tilbygg vera i strid med regulert byggjegrænse og krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon også for dette forhold.

Planstatus

Eigedomen gbnr 188/193,198 ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Knarvik felt B er definert som bustad.

Utsnitt frå plankartet

Situasjonskart



Planen har ikkje talfesta grad av utnytting, men plankartet viser planlagt bygningsplassering. Grad av utnytting (BYA) vil vera regulert gjennom den viste bygningsplasseringa, jf planjuss nr 1/2012. Verken eksisterande bustad eller planlagt tilbygg vil vera i samsvar med det planen legg opp til og det må følgjeleg søkjast om dispensasjon frå bygningsplasseringa slik den går fram av reguleringsplanen. Plankartet viser også byggjegrænse mot veg (stipla linje) som kryssar store delar av eigedomen. Planlagt tiltak vil vera si strid med denne og også krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon for dette forhold.

Vi viser i denne saka til rettleiinga som vart gjeve i samband med planlagt tilbygg til eigedomen gbnr 188/182, og gjer merksam på at det under avsnittet som gjeld planstatus ved ein feil er blitt gitt urikige opplysningar i forhold til reguleringsplanen sin gyldighet.

Reguleringsplanen er gyldig m.o.t. utnyttingsgrad, sjå grunngjevinga over. Føresegner om utnytting i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund eller kommunedelplan 2011-2023 er ikkje gjeldande, men vil kunne vera retningsgjevande ved kommunen si handsaming av dispensasjonssøknaden.

Vedlagt følgjer reguleringsplankart.

Med helsing

Anne Lise Molvik

cid:image001.png@01D1C0C7.E8386550

Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope

tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00(pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Alf Helge Moldekleiv [mailto:freka.invest@gmail.com]

Sendt: 12. september 2018 11:33

Til: Anne Lise Molvik

Emne: Byggesak - Gnr 188, bnr 193/198 - tilbygg

Hei. Viser til samtale i byggesaksvakta i går. Fint om eg får tilbakemelding om det er naudsynt å søkja om dispensasjon vedr. plassering av tilbygget. Bestemmelse om avstand 5 m til nabogrense og 5 m til veg blir ivareteke. Ha ein god dag.

Med venleg helsing

Alf Helge Moldekleiv

 **Felt A og B.PDF**
7265K